



Lokal handel Levande lokalsamfunn To sider av same sak

#handlelokalt

Sannsynlegvis les du lokalavisa fordi du er glad i lokalsamfunnet. Du bryr deg om kva som skjer i kommunen din og i nærområdet ditt. Denne kjærleiken til lokalsamfunnet kan vi også dyrke på andre måtar, blant anna kan vi bryr oss meir om lokalt næringsliv og lokal handel!

For alt heng framleis saman med alt. Di betre det går for dei lokale verksemdene, di større skatteinntekter blir det i kommune- og statskassa – og til fellesskapet og velferdsordningane våre. Når lokale butikkar og andre lokale bedrifter klarer seg brukbart, blir det arbeidsplassar og etter kvart fleire pengar til helsetenester, kultur, skular, vegar, ungdomsaktivitetar, eldreomsorg, lag og organisasjonar, eller til folk som treng hjelp i vanskelege tider.

Å handle lokalt, og å bruke lokale bedrifter, handlar altså om å tenkje litt framover. Det du gjer i dag, betyr noko for oss alle i morgon.

Det er difor Landslaget for lokalaviser (LLA) og lokalavisa di har innleidd ein annonsekampanje for nettopp lokal handel. Litt fordi vi sjølve er avhengige av livskraftige bedrifter og annonsørar, men aller mest fordi vi bryr oss om levande lokalsamfunn.

Difor vil LLA og lokalavisene, i samarbeid også med andre som er opptekne av lokal handel, gjennom våre annonsekampanjar vise kor viktig det er å bruke lokale krefter og lokale butikkar.

#handlelokalt



LANDSLAGET FOR
LOKALAVISER